

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 10. november 2014
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikke offentlig jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sakene 22-24/14

SAKLISTE:

- 20/14 Godkjenning av protokoll frå møte 22.09.14
- 21/14 Referat- og orienteringssaker 10.11.14
- 22/14 Orientering om einingane – «Skulesektoren»
- 23/14 Orientering om framlegget til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018
- 24/14 Oppfølging av rapport om «Målstyring»
- 25/14 Reglement for kontrollutvalet – endring vedk. kap. 8 om høyring
- 26/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015
- 27/14 Møteplan for kontrollutvalet 2015

Eventuelt

Aksdal, 03.11.14

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar (sign.)


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordfører (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 22-24/14)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	10.11.14	20/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.09.14

Saksvedlegg: protokoll frå møte 22.09.14


Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 22.09.14 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 22.09.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 03.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 22. september 2014 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – 15.00
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Ivan Kaldheim (H), Trude Enge (Frp) og Elisebeth Aasheim (Ap)
FORFALL:	Lars Ebne (Krf) og 1., 2. og 3. varamedlem
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisorane Willy Hauge og Ingvill Strand - KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Elling Hetland og pleie- og omsorgsleiar Kitty S. Øyjord i sak 12/14
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 17/14 vart handsama som siste sak, elles blei sakslista følgt

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.05.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 12.05.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 12.05.14 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.09.14

- 17. Statusrapport pr. september 2014
- 18. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
- 19. KS – lokale og regionale prosesser vedk. kommunereforma

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14:

Kontrollutvalet tek referatsakene 17 –19 til orientering.

SAK 12/14 ORIENTERING OM EINGANE – «HELSESEKTOREN»

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar rådmannen v/pleie- og omsorgsleiar sin presentasjon om «helsesektoren» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Pleie- og omsorgsleiar Øyjord orienterte om eininga. Hu gjorde greie for dei ulike institusjonane og kva kapasitet dei einskilde hadde. Rådmannen supplert undervegs. Eininga hadde store utfordringar med å halde budsjettbalansen grunna lovpålagde krav, samt at institusjonen i Skånevik hadde spesielle utfordringar når det gjaldt bemanning. Dei måtte nytta vikarbyrå som gav ekstra kostnader for å kunne sikre bemanninga. Det var vedtatt utbygging av ny institusjon i Etne, men det var usikkert når denne kunne opnast. Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs som pleie- og omsorgsleiaren svara på. Leiar takk for ei god og informativ orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14:

Etne kontrollutval tar rådmannen v/pleie- og omsorgsleiar sin presentasjon om «helsesektoren» til orientering.

SAK 13/14 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2014

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge – KPMG AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Regnskapsrevisor Hauge orienterte kort om erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge – KPMG AS, til orientering.

SAK 14/14 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2014

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2014 til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Regnskapsrevisor Hauge gjekk igjennom planen munnleg. Han nemnde kort erfaringane frå fjorårets revisjon og fokusområda for årets revisjon. Utvalet hadde ingen merknader til planen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2014 til orientering

SAK 15/14 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

SAK 16/14 REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Utvalssekretær gjorde merksam på at det var feil i vedlegg 1. Dermed kom det ikkje fram kva endringar som var gjort i framlegget til nytt reglement. Sekretæren gjorde framlegg om at saka vart utsett til neste møte. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14:

Saka vert utsett til neste møte.

SAK 17/14 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2015 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Etne kommune for 2015 med ei totalramme på kr 622.000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	86.000
Kjøp av sekretærtenester	Kr	153.000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	383.000
Totalt	Kr	622.000

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for framlegget til budsjett. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Etne kommune for 2015 med ei totalramme på kr 622.000, som fordel seg slik:

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>86.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester</i>	<i>Kr</i>	<i>153.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>Kr</i>	<i>383.000</i>
<i>Totalt</i>	<i>Kr</i>	<i>622.000</i>

SAK 18/14 RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON – «SJØLVKOST»

Sekretariatet si innstilling:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Sjølvkost» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, punkta 1-5.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Leiar innleia kort om saka. Revisor Strand presenterte rapporten. Hu gjorde mellom anna greie for hovudproblemstillingane, metodane, hovudfunna og revisjonen sine tilrådingar. Det kom fram at kommunen si vassavgift var opptil 60 % høgare enn samanliknbare kommunar. Avgifta på avlaup var på nivå med dei andre kommunane. Dei største utfordringane framover var på vassforsyning.

Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs som revisoren svara på. Utvalsleiar takk for ein god og grundig rapport.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14 og innstilling til kommunestyret:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Sjølvkost» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, punkta 1-5.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

**SAK19/14 OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR
REKNESKAPEN 2013**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.09.14:

Leiar innleia om saka. Rekneskapsrevisor Hauge kommenterte svaret frå administrasjonen og sa seg nøgd med dette. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.09.14:

Kontrollutvalet i Etne tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2013 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 10.11.14, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 22.09.14

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	10.11.14	21/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.11.14**Saksvedlegg:**

- 20. Statusrapport pr. november 2014
- 21. Invitasjon til konferanse 20.11.14 i Sandnes - Forum for kontrollutvalg i Rogaland
- 22. K-styrevedtak sak 60/14 – revisjonsavtalen - bruk av opsjon
- 23. K-styrevedtak sak 61/14 – rapport «Sjølvcost»
- 24. Representantskapsmøte 25.11.14, kl. 15.00 – HIM


Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 20 - 24 vert tatt til orientering.

Aksdal, 03.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt november 2014 – Kontrollutvalet i Etne

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Målstyring	13.05.13	18.11.13	KST 25.02.14	10.11.14	Oppfølging utsett frå 22.09.14
VA-området – Sjølvkost	22.01.14	22.09.14	KST 28.10.14	Mai 2015	185 timar
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon	26.06.12	26.11.12	KST 26.02.13		
Øyane Asvo AS	26.11.12	13.05.13	KST 18.06.13	KU/ KST 10.02.14/ 25.02.14	
Selskapskontroller					
HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011		15.09.11		26.11.12	Brev frå styret
Plan for selskapskontroll 2012-2016		01.10.12	KST 30.10.12		
Andre saker					

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2014

Quality Hotel Residence, Sandnes

20. november 2014

Tema for årets konferanse er **ERFARINGSUTVEKSLING**. Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Vi har invitert noen kontrollutvalgsledere til å dele sine erfaringer med oss. Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til de tre første innleggene.

PROGRAM

- | | |
|-------|---|
| 10:00 | Velkommen
<i>Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget</i> |
| 10:05 | Granskning av Uni-K AS
<i>Torleif Lothe, Leder av kontrollutvalget i Haugesund kommune</i> |
| 10:45 | Pause |
| 11:00 | Utfordrende saker for kontrollutvalgene
<i>Steinar Torgersen, Leder av kontrollutvalget i Stavanger kommune</i> |
| 11:45 | Årsmøte 2014 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland |
| 12:00 | Lunsj |
| 13:00 | Hvordan gjøre kontrollutvalgets arbeid givende og spennende
<i>Trond Roy Pedersen, leder av kontrollutvalget i Time kommune</i> |
| 13:45 | Pause |
| 14:00 | Medieblikk
<i>Ståle Frafjord, Journalist</i> |
| 14:45 | Avslutning |

Pris kr **900.-** pr. person

Påmelding innen **7. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

VEDLEGG SAK 21/14

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 08.11.14
Journalført: 14/379/egh
Arkivkode: 2/2

Etne kommune

SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Kommunestyre	28.10.2014	060/14	EWB

Sakshandsamar: Eva Wiik Hustoft	Arkiv: N-	Arkivsaknr: 2014001347
------------------------------------	-----------	---------------------------

REVISJONSAVTALEN - BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Vedlegg i saka:

Kontrollutvalssak 15/14, Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30 06 2016.
Brev frå leiar økonomi vedk. revisjonsavtalen – bruk av opsjon –uttale.

Utrykte saksdokument:

Ingen

Saksgang:

Kommunestyret

Utskrift til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
Leiar økonomi

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Etter § 16 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar er det kommunestyret *sjølve*, etter innstilling frå kontrollutvalet, som avgjør type revisjonsordning kommunen skal ha og som gjer val av revisor dersom tenesta vert konkurranseutsett.

TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET TIL ETNE KOMMUNESTYRE:

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

28.10.2014 KOMMUNESTYRE

K-060/14 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

30.10.14
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift

Eva Wile Hustoft

Etne kommune
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Kommunestyre	28.10.2014	061/14	EWB

Sakshandsamar: Eva Wiik Hustoft	Arkiv: N-	Arkivsaknr: 2014001348
------------------------------------	-----------	---------------------------

RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON - SJØLVKOST

Vedlegg i saka:

Kontrollutvalssak 18714
Sjølvcost – forvaltningsrapport – utarbeida av KPMG AS

Utrykte saksdokument:

Ingen

Saksgang:

Kommunestyret

Utskrift til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
Økonomiavdelinga
Leiar drift og vedlikehald
Rådmannen

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

I Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 for Etne kommune fekk kontrollutvalet mynde til å velke andre prosjekt enn dei prioriterte dersom utvalet fann det naudsynt. Utvalet fann hausten 2013 at ein forvaltningsrevisjon av VAR-området var eit aktuelt tema.

TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET TIL ETNE KOMMUNESTYRE:

Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Sjølvkost» og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, punkta 1-5.

Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyrt via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

28.10.2014 KOMMUNESTYRE

K-061/14 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Sjølvkost» og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, punkta 1-5.

Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyrt via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

30.10.14
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift
Eva Wibe Hustoft

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 27.10.14
Journalført: 14/357/096
Arkivkode: 217



VEDLEGG SAK 21/14

HIM
Telefon 52 76 50 50
Telefax 52 76 50 51
e-post: him@him.as

Representantskapet

Dato 27.10.14

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET
HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
TIRSDAG 25. NOVEMBER KL 15.00**

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. **Møtet holdes tirsdag 25.11.14 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 46. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Ordfører Kyrre Lindanger, 5561 Bokn
Bokn	May Jorunn Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Sigve Sørheim, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Gunlaug Pedersen, Mæland, 5590 Etne
Haugesund	Norman Thune jr, Norrønagata 19, 5529 Haugesund
Haugesund	Torleiv Kvalvik, Haugaleite 24, 5515 Haugesund
Haugesund	Arne Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Haugesund	Alf Edvinson, Valhallgata 5, 5531 Haugesund
Tysvær	Ordfører Harald A. Stakkestad, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Lars Birger Baustad, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Skartland, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat (kun pr e-post etter avtale)
Styreleder i HIM, Geir Worum, Stjørdalsvn. 20, 5515 Haugesund

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Anita Kro, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Ingrid T. Rein, Tambarskjelves gate 12, 5523 Haugesund
Tysvær	Varaordfører Kristine Aurdal, 5576 Tysværåvåg
Vindafjord	Tove Elise Frøland, Kårhus, 5578 Nedre Vats

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn
Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne
Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund
Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal
Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

oktober 24, 2014

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av sakliste

Referat- og orienteringssaker:

14.05 Protokoll fra møte i representantskapet 21.05.14

14.06 Presentasjon av høstens kundeundersøkelse ved MomentAnalyse v/Christian Dversnes

14.07 Orientering om avfallsbransjen/HIM pr nov. 2014 v/Gro Staveland


Vedtakssaker:

14.07 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018

Eventuelt:

Ordet fritt

Kyrre Lindanger
Leder repr.skapet


Gro Staveland
Adm direktør

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	10.11.14	22/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

ORIENTERING OM EININGANE – «SKULESEKTOREN»

Saksorientering:

Kontrollutvalet vedtok i februar 2014 ein plan for orienteringar om støtte- og resultateiningane i 2014. I protokollen frå møtet 10.02.14, sak Eventuelt heiter det:

Utvalet var samd om at dei ville ha ei orientering frå administrasjonen som eit fast punkt på kvart møte i 2014. Dette både for å kunne følgje betre med på alt som rører seg i kommunen, samt ei von om auka medverknad frå medlemmene i utvalet.

Førebels framlegg til plan:

12.05.14 – teknisk, spesielt om vedlikehald

22.09.14 – skulesektoren, med vekt på mobbetiltak

10.11.14 – helsesektoren

Skulesektoren og helsesektoren har i etterkant bytt datoer.

Kommunen sitt mål er mellom anna følgjande (henta frå årsmeldinga 2013):

Kommuneplanen slår fast at Etne kommune skal vera målstyrt. Kommuneplanen slår fast dei overordna måla for kva retning kommunen skal styrast. Dette gjer det lettare å få til eit heilt målstyringssystem, jf. K-sak 048/07. Målstyringsverktøyet har blitt til litt etter litt, og me er framleis i ein prosess med å vidareutvikle arbeidet.

I målstyring snakkar me om fokusområde. Dei fire fokusområda for Etne kommune er Brukar og Teneste, Organisasjon og Medarbeidar, Samfunn, Økonomi. Måla som er lista opp nedanfor er måla i kommuneplanen sortert under det fokusområdet der det høyrer heima. Kommuneplanen inneheld også strategiar for korleis måla skal nåast. I K-060/11 blei det vedtatt verdier og strategikart som vist nedanfor. For kvart fokusområde er det først lista opp dei opphavlege måla i frå Kommuneplanen, deretter slik me førebels har konkretisert desse i strategikartet med strategiske mål med tilhøyrande indikatorar, og måltal.

I 2013 har det vore gjennomført ein forvaltningsrevisjon av målstyringssystemet som vert handsama politisk i 2014. Jobben framover blir å få konkretisert måla betre, og såleis bli betre til å rapportere på kva kvalitet me har på tenestene og kva me faktisk oppnår.

Det er rådmannen som har overordna administrativt leiaransvar for den kommunale verksemda. Sentrale oppgåver er (frå kommunen si heimeside):

- 1. Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjon, med de unntak som følger av lov, og innenfor de rammer kommunestyret eller fylkestinget fastsetter.*
- 2. Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*
- 3. Administrasjonssjefen har møte- og talerett, personlig eller ved en av sine underordnede, i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer med unntak av kontrollutvalget.*
- 4. Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet*


Kommunestyret har det øvste tilsynet med at rådmannen utfører dei oppgåver som er pålagt og kontrollutvalet har det løypande tilsynet.

Til dette møtet er «skulesektoren» invitert for å presentera sin sektor. Tidsramma er antyda til makismalt 45 minuttar til presentasjon og spørsmål.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar rådmannen sin presentasjon om «skulesektoren» til orientering.

Aksdal, 03.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	10.11.14	23/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018

Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt framlegg til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018:

Budsjettframlegg for 2015 og økonomiplan 2015-2018 er lagt ut på kommunen sin nettside www.etne.kommune.no eller kan hentast på rådhuset.


Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama i kommunestyremøte i desember.

Rådmannen vil gjere greie for sitt framlegg til budsjett og økonomiplan i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

Aksdal, 03.11.14



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.14	24/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT: «MÅLSTYRING»

Saksvedlegg: brev frå rådmannen m/vedlegg, datert 31.10.14

Bakgrunn:

Etne kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak 01/14 den 25.02.14:

- Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om Målstyring og tek denne til orientering.*
- Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
- Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

I rapporten kom revisor med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- Einingane bør adressere utfordringane som dei opplever med strategikartet på leiarforum og initiere avklaringar i forhold til forslag til løysingar på utfordringane. Løysingar kan forankrast i leiarforum og dokumenterast i referat frå møte.*
- Kommunen bør vurdere å endre måten kommunen arbeider på med utvikling og iverksetting av målstyringssystemet. Kommunen bør vurdere å organisere arbeidet som eit prosjekt i linja og eventuelt med bistand frå ein ekstern prosjektleiar.*

Saksutgreiing:

Rådmannen har i brev av 31.10.14 gitt si tilbakemelding på korleis tilrådingane i rapporten er blitt følgt opp, sjå vedlegg. I svarbrevet har han tatt inn kommunestyret sitt vedtak i sak 01/14, tilrådingane frå revisor og rådmannen sin uttale til rapporten. Han gir følgjande tilbakemelding på tilrådingane:

Til tilråding pkt. 1:

I rådmannen sin uttale til rapporten er det peika på at arbeidet med å rullera samfunnsdelen av kommuneplanen er starta opp. Planprogrammet ligg no ute til høyring. Her skal kommunen sine fokusområde, overordna mål og strategiar utarbeidast. Den nye samfunnsdelen vil vera utgangspunktet for kommunen si målstyring. Det blir ein stor skilnad i forhold til systemet i dag, der eksisterande samfunnsdel vart omarbeidd for å tilpassast eit målstyringssystem.

Med ny samfunnsdel av kommuneplan på plass, er det naturleg at leiarforum vurderer om me framleis skal ha strategikart som ein del av det vedtekne målstyringssystemet i kommunen, eller om me skal sjå etter andre løysingar.

Rådmannen synes det er naturleg å ta denne vurderinga med leiarforum, når ny samfunnsdel nærmar seg slutføring og har ikkje vektlagt dette arbeidet i tida som har gått etter at forvaltningsrapporten vart vedtatt.

Til tilråding pkt. 2:

Rådmannen har valt å fortsetja med utvikling av målstyringssystemet i eigen regi og ikkje valt å definere dette som eit prosjekt i linja, evt. med ekstern prosjektleiar. Leiarforum har etter forvaltningsrapporten prioritert å utvikla eit system for rapportering på tiltak til kommunestyret.

Tiltaksrapporteringa skal vera ein del av tertialrapportane og årsmelding, for å synleggjera kva som er gjennomført og kva me ikkje er heilt i mål med. Synleggjering av kva me jobbar med, får til og oppnår med dei ressursane me brukar i kommunen er det viktige i dette.

***Oppsummert** held rådmannen fast med dei vurderingar som vart gjort i uttalen til forvaltningsrevisjonsrapporten og legg vekt på at arbeidet med utvikling av målstyringssystemet skal skje i eigen organisasjon, med bruk av egne krefter, for å få eit system som er best mogleg tilpassa oss og ut frå tanken om at dette gjev størst læringsutbytte.*

Rådmannen har svara på dei to tilrådingane i rapporten. Me syner elles til rådmannen sitt svarbrev med vedlegg (rapportering på tiltak 2. tertial 2014).


I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i dei konkrete tilfella, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Etne tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten «Målstyring» til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

Aksdal, 03.11.14


Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



ETNE KOMMUNE

VEDLEGG SAK 24/14

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 03.11.14
Journalført: 14/378109h
Arkivkode: 216

Kontrollutvalet i Etne
v/ Odd Gunnar Høie

5590 ETNE

Etne, 31.10.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2014000336/2014007795

Arkiv:
N-103

Sakshandsamar:
ELH

TILBAKEMELDING PÅ OPPFØLGING AV RAPPORT OM MÅLSTYRING

Forvaltningsrevisjonsrapport om målstyring vart handsama i Etne kommunestyre den 25.02.14, sak 001/14, med følgjande samrøystes vedtak:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om Målstyring og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Rapporten inneheld to tilrådingar til kommunen:


1. Einingane bør adressere utfordringane som dei opplever med strategikartet på leiarforum og initiere avklaringar i forhold til forslag til løysingar på utfordringane. Løysingar kan forankrast i leiarforum og dokumenterast i referat frå møte.
2. Kommunen bør vurdere å endre måten kommunen arbeider på med utvikling og iverksetting av målstyringssystemet. Kommunen bør vurdere å organisere arbeidet som eit prosjekt i linja og eventuelt med bistand frå ein ekstern prosjektleiar.

Rådmannen gav slik uttale til rapporten før den vart lagt fram til handsaming:

Rapporten gjev ein grei oversikt over utviklingstrekk og problemstillingar knytt til utvikling av målstyringssystemet. Det har heile tida vore hovudfokus på at me må ha eit enkelt system, som er mogleg å følgje opp med dei ressursane me rår over. Difor har me valt å utvikla noko sjølv i staden for å kjøpa eit ferdig system, som ville vore alternativet.

53 75 80 00 · Telefaks: 53 75 80 01 · E-post: firmapost@etne.kommune.no · www.etne.kommune.no

5591 ETNE · Postboks 54 · Bankgiro · 8580.13.36200 · Org.nr.: 959 435 375



Det er peika på at det skjedde lite med systemet i perioden 2007 – 2009. K-048/07 vart gjort på det siste møtet av kommunestyret i perioden 2003 – 2007 og det var eit nytt kommunestyre som skulle bruka dette vidare. Tidsrommet 2007 – 2009 vart nytta til å implementere fokusområda i organisasjonen, gjennom å innarbeida desse i budsjett- og årsrapportdokument, for å gjera desse kjent både på politisk og administrativt nivå. Eit viktig mål med strategikarta var å utvikla eit felles system for heile kommunen. Her er me, som det er peika på, ikkje komne langt nok, særleg på einingsnivå. Dette er det naudsynt å jobba vidare med i leiarforum.

Arbeidet med å rullera samfunnsdelen av kommuneplanen er starta opp. Her skal kommunen sine fokusområde, overordna mål og strategiar utarbeidast. Den nye samfunnsdelen vil vera utgangspunktet for kommunen si målstyring. Det blir ein stor skilnad i forhold til systemet i dag, der eksisterande samfunnsdel vart omarbeidd for å tilpassast eit målstyringssystem, der rammene for systemet ikkje var heilt.

Hovudmålet framover må vera at målstyringssystemet skal ha utgangspunkt i samfunnsdelen av kommuneplanen og bli ein implementert del av planar, budsjett og økonomiplan og rapportering. Det kan ikkje vera eit system som ligg på sida av desse pålagde styringsdokumenta. Då vil dette krevja for store ressursar i vår organisasjon til å fungera. Rapportering av mål og tiltak må, i større grad enn fram til no, bli ein fast del av årshjulet til leiarforum. I tillegg er leiarforum inne i eit arbeid med å evaluere og forbetre måten forumet fungerer på.

Med dei utfordringane kommunen står ovanfor, må utviklings- og endringsarbeid bli ein del av systemet. Synleggjering av kva me jobbar med, får til og oppnår med dei ressursane me brukar i kommunen er også viktig.

Sjølv om det er viktig å ha eit ferdig system er det vegen fram til det som ofte gjev den største læringseffekten. Me har framleis ein veg å gå, men den bør starte med samfunnsdelen av kommuneplanen og tas vidare inn i styringsdokumenta våre etter det.

Kjerstin Aune:

*«Om eg fekk velja meg ein veg,
som ingen andre hadde gått,
vegen var heilt rett,
trur eg at eg hadde takka nei.»*

Med bakgrunn i dette vil rådmannen gje slik tilbakemelding:

Til tilråding pkt 1:

I rådmannen sin uttale til rapporten er det peika på at arbeidet med å rullera samfunnsdelen av kommuneplanen er starta opp. Planprogrammet ligg no ute til høyring. Her skal kommunen sine fokusområde, overordna mål og strategiar utarbeidast. Den nye samfunnsdelen vil vera utgangspunktet for kommunen si målstyring. Det blir ein stor skilnad i forhold til systemet i dag, der eksisterande samfunnsdel vart omarbeidd for å tilpassast eit målstyringssystem. Med ny samfunnsdel av kommuneplan på plass, er det naturleg at leiarforum vurderer om me framleis skal ha strategikart som ein del av det vedtekne målstyringssystemet i kommunen, eller om me skal sjå etter andre løysingar. Rådmannen synes det er naturleg å ta denne vurderinga med leiarforum, når ny samfunnsdel nærmar seg slutføring og har ikkje vektlagt dette arbeidet i tida som har gått etter at forvaltningsrapporten vart vedtatt.

Til tilråding pkt 2:

Rådmannen har valt å fortsetja med utvikling av målstyringssystemet i eigen regi og ikkje valt å definere dette som eit prosjekt i linja, evt. med ekstern prosjektleiar. Leiarforum har etter forvaltningsrapporten prioritert å utvikla eit system for rapportering på tiltak til kommunestyret. Tiltaksrapporteringa skal vera ein del av tertialrapportane og årsmelding, for

å synleggjera kva som er gjennomført og kva me ikkje er heilt i mål med. Synleggjering av kva me jobbar med, får til og oppnår med dei ressursane me brukar i kommunen er det viktige i dette.

Oppsummert held rådmannen fast med dei vurderingar som vart gjort i uttalen til forvaltningsrevisjonsrapporten og legg vekt på at arbeidet med utvikling av målstyringssystemet skal skje i eigen organisasjon, med bruk av egne krefter, for å få eit system som er best mogleg tilpassa oss og ut frå tanken om at dette gjev størst læringsutbytte.

Med helsing

Elling Hetland
Rådmann

Vedlegg: Tiltaksrapportering 2. tertial 2014

Rapportering på tiltak 2. tertial 2014

ID	Tiltak	Vedlagt	Budsjett	Rekneskap	Status
14-1000-01	Ungdomsråd	K-069/13	68 833		Stillinga har vore lyst ut fleire gonger utan aktuelle søkjarar
14-1000-04	PPT	K-069/13	-124 800		Justering av budsjett
14-1000-05	Endra finansiering lærlingar	K-069/13	0		Justering av budsjett
14-1000-06	Auka tilskot privat barnehage	K-069/13	1 500 000		Justering av budsjett. Ser at det vert behov for meir midlar
14-1000-07	Auka kostnader med skulekjøp, skuss o.a.	K-069/13	40 561		Justering av budsjett
14-1000-08	Kompetanseheving skule	K-069/13	0		Justering av budsjett
14-1000-09	Haugalandseffekt	K-069/13	100 000		Skule og barnehage er komme i gang. Arbeidet held fram til sumaren 2017
14-1000-10	Interkommunalt helse samarbeid prosjektleiar	K-069/13	0		Justering av budsjett
14-1000-11	Kreftekoordinator	K-069/13	32 668		Justering av budsjett
14-1000-12	Kommunal koordinator Helse Fonna	K-069/13	17 315		Justering av budsjett
14-1000-13	Omdømme arbeid på Haugalandet	K-069/13	50 000		Justering av budsjett
14-1000-14	Auke lønnsreserven	K-069/13	500 000		Justering av budsjett
	Gjennomgang av organisasjonskartet/lærarstruktur	K-069/13			Rådsmannen ynskjer å avvente avklarings rundt felles IKT og admin.samarbeid VESS
14-1200-01	Lærling kontor og adm.	K-069/13	0		Utløst, ingen søkjarar. Forsøker ny utlysning.
	Inføring Intranett	Adm			På plass
	Sak betalt pause for alle tilsette	K-069/13			Under arbeid
	Gjennomgang pol. org. og delegasjonar	K-035/14			Prosjektgruppe satt ned etter politisk sak
	Saman om ein betre kommune, inklusiv LEAN				Prosjektet er under arbeid
	Nye avtale om Bedriftshelseteneste				Ute på arbeid no. Forventa auke i budsjett ved ny avtale
	Inføring felleselektronisk permisjonssøknadssystem				Under arbeid - forventa innført budsjett
	Inføring kvalitetshandbok				innført - vurdering av oppsett og malar i leiargruppa gjenstår
	Sak leiaravtale for einingsleiarar				På plass
	Sak rutine for omstilling og endring i Etne kommune				På plass
	Sak tilsetjingsprosess i Etne kommune				Under arbeid
14-1400-01	Lisensar	K-069/13	75 000		Justering av budsjett
	Breiband fase 2	K-013/13	2 100 000		Fullført
	Utgjeing felles IKT med Vindafjord				Fullført med vedtak i kommunestyre
14-1500-01	Auka budsjett kontroll og tilsyn	K-069/13	19 000		Justering av budsjett
A1500-21-D	Inføring av handel og efaktura	K-109/11			Alle program er installert og tatt i bruk, full utrulling i org. til hausten
	Inføring eigedomskatt	K-069/13	3 000 000		Under arbeid, taksering vil skje i perioden 15.10 til 15.01.
14-1600-01	100 % planleggjar	K-069/13	541 200		Tilsett før ferien
14-1600-02	Brannsløkking - Godtgjerse til brannkonstablar	K-069/13	50 000		Budsjettjustering OK
14-1600-03	Brannsløkking - Opplysning / kurs	K-069/13	235 000		Budsjettjustering OK - Opplysning starta
14-1600-04	Endra inndekning sekretær næringsfondet	K-069/13	55 000		Budsjettjustering OK
14-1600-05	Forebyggjande arbeid, brann og ulukker	K-069/13	200 000		Budsjettjustering OK
14-1600-06	Brannsløkking - Inføring av nytt naudnett	K-069/13	67 500		Under arbeid og er forsinka - oppstart i oktober
14-1600-07	Alarmløstak - Oppgradering av 110-sentralen i Haugesund	K-069/13	26 250		Under arbeid - tilbod innhenta - auka pris kr. 60,- pr innbyggjar
14-1600-08	Brannsløkking - Spesialbekledning og vedlikehald av utstyr og bilar	K-069/13	120 000		Budsjettjustering OK
14-1600-09	Endring budsjett for feiling	K-069/13	40 985		Budsjettjustering OK
14-1600-12	First Responder	K-069/13	150 000		Utstyr kjøpt inn og first responder er operativ - kjem bil frå Helse Fonna i Oktober
A1600-33-B	Konsulent 50 % i 2 år for inføring av gateadresser	K-082/12	283 626		Konsulent tilsett 01.01.14.
A1600-36-B	Sykkelstativ Tinghuset	K-082/12	60 000		Under arbeid - monterer og ferdigstilling i oktober
	Inføring av byggesaksmodul	Adm.	250 000		Er innført
	Skilting på Tinghuset	Adm.			Arbeid ikkje starta
	Flomlys Langfoss	K-023/11	100 000		Planarbeid i gang - Arbeid i marka ikkje starta - midlertidig stopp p. g. kapasitetsmangel
	Informasjonstavler langs hovudveg (raste plassar)				Planarbeid i gang - trykking og monterer gjenstår - prosjektering starta opp att
	Verdiskapningsprogrammet for Folgefonna 2011-2014				
	Steinparker Åkra fjordtunet, Langfoss, Halvfjordingen	F-106/10	411 000		Ferdig - mangler permanente skilt
	SMIL-prosjektet - Grillplass Kvandal og rasteplass Rullestad				Arbeid ferdig frå kommunen si side
	Arbeid med tildeling av vegadresser				Arbeid med adresseparsellar og vegnamn pågår



ETNE KOMMUNE

VEDLEGG SAK 24/14

Reguleringsplan nytt helse- og omsorgssenter			Planarbeid pågår	
Kommuneplan samfunnsdel			50% planleggar slutta i stilling, Rådgevar plan har teke over - Arbeid med planprogrammet pågår	
Kommuneplan arealdelen			Rådgevar plan arbeider med planprogrammet - felles planprogram for samfunns- og arealdel	
Kommunedelplan for strandsona saman med Sunnhordlandskommunane			Arbeid pågår -	
Trafikksikringsplan			Arbeidet er starta - klart for å oppnemne administrativ prosjektgruppe	
14-1700-01	Auka husleige Etne bustadskiping	K-069/13	140 912	Justering av budsjett
14-1700-02	Best/EDU (Elektronisk dokumentutveksling)	K-069/13	20 000	Installert, ikkje tatt i bruk
	Utarbeide felles «service-policy»	Adm.		Under arbeid
	Sak arkivkompetanse	K-109/11		
	KomTek VA	Adm.		
	Folkeavryisting Fjæra	K-073/13		Installert, ryddejobb under arbeid
	Elektronisk arkiv			Skal gjennomførast ved kommunestyrevalet 2013
				Under arbeid, skal vere klart 01.01.15
14-2101-01	Engje skule, plan leikeområde	K-069/13	0	Ikkje gjennomført
14-2101-02	Redusert leseplikt - alder	K-069/13	654 511	Gjennomført
14-2101-04	Vaksenopplæring, leiling	K-069/13	150 000	Prosess er i gang. Gj. føring i august.
14-2101-05	Sykelstativ, Engje skule	K-069/13	0	Ikkje gjennomført
14-2101-06	Norsk for framandspråklege	K-069/13	75 000	Gjennomført
14-2101-07	Norsk for framandspråklege elevar	K-069/13	100 678	Gjennomført
14-2101-08	Mottak flyktningar. Bemanning i skulen	K-069/13	0	Gjennomført
14-2101-10	Valfag - opptrapping	K-069/13	243 912	Gjennomført. Sett iverk frå inneverande skuleår.
14-2103-02	Innsparings tiltak	K-069/13	-42 354	Gjennomført
	Haugalandsløftet		0	Deltek i ulike prosj. m.m.
	Vurdering for læring		0	Det tilsette starta skuleåret 2013/14 opp med vurdering for læring.
	Born i rusfamilar		0	Alle skulane er med i eit tverrfagleg prosjekt i regi av KORUS Vest.
14-2105-01	Auka lønsutgifter grunna alder	K-069/13	49 540	Gjennomført
14-2105-02	Auka skyssutgifter	K-069/13	60 000	Gjennomført
14-2105-03	Auka timental pga valfag og andre sentrale føringar	K-069/13	76 800	Gjennomført
	Haugalandsløftet		0	Deltek i ulike prosj. m.m. Har kvalitetssikra rutinar m.m. innan PPT. Frigjort ress. til spes.ped. koar.
	Vurdering for læring		0	Det tilsette starta skuleåret 2013/14 opp med vurdering for læring.
	Være saman		0	
	Born i rusfamilar		0	Alle skulane er med i eit tverrfagleg prosjekt i regi av KORUS Vest.
	Effekt av tideleg innsats Haugalandsløftet			Nye store utfordringar innan spesialundervisn. gjer innsparinga vanskeleg å gjennomføra.
A2105-06-D	Oppgradering av datanettverk	K-069/13	90 000	Ikkje gjennomført
14-210X-NY	Fjerning av Skulefrukt	K-069/13	-100 000	Justering av budsjett. Ordninga vart avslutta 01.08.
14-210X-02	Kommunal rettleiar STL+	K-069/13	32 295	Startar opp fra hausten 2014
14-2201-03	Mottak flyktningar. Bemanning i Engje barnehage	K-069/13	0	Gjennomført tilsett førskulelærar i 100%, går i 80% stilling.
	Barnehageopptak 2014	K-021/14		Alle som søkte om plass innan fristen har fått plass + to som søkte etter.
	Leikeplass Engje barnehage	K-109/11	170 000	Gjennomført. Har i tillegg nytta fondsmidlar
	Medarbeidarundersøking			Undersøkinga er gjennomgått med personalet.
	Revidere HMS + Ros-analyse			Har starta samarb. med dei andre barnehagane og skulane om ekstern hjelp.
	Tilsyn			Hadde tilsyn i febr.
	Arbeidet med nærvarer			Frameis høgt sjukelfravar. Har søkt AMU om midlar til hjelp i arbeidet.
	NV helmeside			Er laga. Held på med implementeringsfasen.
14-2203-04	Rygg barnehage, Inventar	K-069/13	0	Tilskotet vart ferdigstilt i okt.
	Haugalandsløftet		0	Deltek i ulike prosj. m.m.
	Være saman		0	Prosj. m. fokus på vaksenrolla og møte med borna. Målsetting å vize varme grensesettjarar.
14-2205-03	Lokale til barnehagen	K-069/13	45 000	Gjennomført
14-220X-01	Auka satser for forældrebetaling i barnehage	K-069/13	-243 500	Gjennomført frå 1. april
14-220X-02	Auka personalressurs i barnehagane grunna auka barnetal	K-069/13	0	Gjennomført
14-220X-03	Summaropen barnehage	K-069/13	130 000	Fortset som før.
14-220X-04	Harmonisering av driftsbudsjetta i barnehagane	K-069/13	70 451	Auken er starta.
	Årsplanarbeid	Adm.		Prosjekt med å skriva års- og langtidsplan.



14-2300-02	Tilskot vaksne lag	K-069/13	10 000	Utført.
14-2300-04	Kulturskuletimen	K-069/13	65 000	Gjennomført.
14-2300-07	Kyrkja fuktstade Skånevik	K-069/13	0	Hentar inn pris.
14-2300-08	Kyrkja plenklippar i Etne	K-069/13	0	Utbetalt.
14-2300-10	Stedle kyrkje 850 år	K-069/13	0	Utbetalt.
A2300-35-A	Gjerde kirk - el anlegg/vedlikehald	K-109/11	45000	Prosjektlysning under utarbeiding
A2300-31-A	Skånevik kirk - brannvarslar	K-082/12	100000	Plan om oppstart 2014
A2300-33-A	Skånevik kirk - byglas reparasjon	K-082/12	20000	Plan om oppstart 2014
14-2300-11	Kjøleaggregat Gjerde	K-069/13	0	Hentar inn pris.
14-2300-14	Laurdagsope bibliotek	K-069/13	53 600	Gjennomført.
14-2300-16	Lærettsrådet - endra inndekking	K-069/13	98 992	Utbetalt.
14-3000-01	Auke ressurskrevjande tenester	K-069/13	0	Utført.
14-3000-02	10 % stillingsauke helsestasjon	K-069/13	57 272	Utført.
14-3000-04	Leasingbil Helse og sosial	K-069/13	40 000	Ladestasjonar er etablert og bil er på plass.
14-3000-05	20% (10 %) stillingsauke psykisk helse	K-069/13	107 805	Ny medarbeidar er på plass frå august 2014
14-3000-09	Frisklivssentral	K-069/13	316 249	Utført.
14-3000-10	Innføring digitalt naudnett	K-069/13	8 323	Vert eksternt handtert. Startar ikkje før i 2015.
14-3000-11	Heimerehabilitering IK samarbeid (70%)	K-069/13	370 553	Me jobbar med iversetjing av tiltak.
14-3000-13	IK Legevakt	K-069/13	205 445	Vindafjord kommune har ansvar for implementering. Deltakarar frå Etne er peika ut.
14-3000-14	Mottak flyktningar. Flyktningekonsulent og auka bemanning helsestasjon	K-069/13	0	Utført.
A3000-37B	Oppløving Innsparingskrav ØP 12-15	K-069/13	-178 000	Utført.
	Interkommunalt dag- og aktivitetstilbod	K-045/12	83 536	Endeleg vedtak om bygging er skyvd ut i tid. Tildelegast oppstart i 2015.
	Rulering plan psykisk helse	K-028/13	97 000	Oppstart i mid. skiftet okt./nov.
	Lydtilltak Bufellesskapet	K-037/13	300 000	Me har nytta rådgiv. ingeniørar og fått innspel på tiltak. Genrelle tiltak er ikkje naudsynt.
	Barnevernsamarbeid	K-022/14	12 000	V.fj. komm. jobbar med iversetjing frå 010115. Vil ha budsjettmessig konsekv. m.o.t. omplassering.
	Innføring av LEAN - Metodikk for kontinuerlig læring og forbedring	Adm.		Er definert inn i prosjektet "Saman om ein bedre kommune".
	Kompetanseheving i etisk refleksjon	Adm.		Tilsette i gang med implementering av prosjektet.
	Samarbeidsavtale - Senter for incest og seksuelle overgrep	Adm.		Har nytta ledige lønsmidlar for 2014. Ynskje som budsjettpost ved handsaming av 2015-budsjettet.
	Implementering av kvalitetssystem.			Arbeid er starta i flyktningstenesta og Bufellesskapet.
	Førebuing innføring nytt omsorgssenter			
	Interkommunalt helsesamarbeid			Størstedelen av arkivmateriale ved legekont. i E organisert. Rydda rundt i tenestene. God framdrift.
	Kompetanseauke i arkiv og dokumentasjon			Me jobbar med iversetjing av tiltak.
	Oppløving av medarbeiderundersøkinga			Varierende rutinar p.t. Planlegg å setja i gang arbeid for sams rutinar frå årsskiftet 2014/15.
	Folkhelse			Tiltak iverset.
	Av og til-implementering			Det er trøng for å skaffa ein samla oversikt over folkehelsetilstanden i K, jf. lov om folkehelse.
	Kompetanseauke bufellesskapet/miljøarbeidstenesta			HS vil ha ei rolle her i samarbeid med SLT.
	Etablering av koordinerende eining			Det er knapt bruk av fast tilsette uten fagbrev eller høgare utdanning.
	Sjukefråvær			Eininga er etablert og jobbar med å få på plass rutinar for arbeidet.
14-3500-05	Arbeidstakar over 60 år	K-069/13	117 750	Kvartalstal for sjukefråvær.
14-3500-NY	Yttertøy for tilsette i helmetenesta	K-069/13	0	Resultat vil ligga føre ved årsoppgjer 2014.
14-3504-04	Oppgradering fysisk arbeidsmiljø Skånevik	K-069/13	0	Delvis gjennomført i samarbeid med VO og ATV.
14-3504-07	Misrøgt vika byrå	K-069/13	250 000	Utført. Spisestolar står i rest med levering i oktober.
	Kompetanseløftet 2012-15			Resultat vil ligga føre ved årsoppgjer 2014.
	Rekruttering av avdelingsleiar ved Skånevik Omsorgssenter			Kompetanseutvikling i kommunen.
	Revisjon av tenesteavtalane			Nytilsett avdelingsleiar starta opp i aug.
	Rekruttering av sjukeleiar/kompetanse ved Skånevik Omsorgssenter			Tenesteavtalane innan PLO må reviderast.
	Meldingsløftet 2015			Gi for. av tiltak i arb.miljøet for å ivareta arbeidstakarar og bebuarar. Gjort luftmåling ved E Oms.s.
	Samarbeidsrådet HSH			Full elektronisk samhandl. mellom K og Helse Fonna på plass. Elektron. meldingar m.lækj. starta opp.
	HMS			Faste møter kommunane HSH. Mål rekrutt. Sjukepl.still./komp. til K. 3 sj.pl.stud. til E Oms.sent. mars.
	Bereking av betalt pause i PLO			Under arbeid. Framlegg om tiltak i budsjettprosessen.
	Deltaking læringsnettverk riktig bruk legemiddel sjukheim og helmetenesta			Det er berekna kor mykje betalt pause vil kosta for PLO - resultat er sendt Len og Personal.
	Interkommunalt arbeid med rekr. av fagkomp. til kommunane.			Tverrfagleg gruppe deltar i eit prosjekt som starta opp i mars, ferdig hausten 2014



ETNE KOMMUNE



Kreftsjukepleiar, ressursgr. for lindrande beh. - samarb. m. HF

Demensplan 2015

Dagaktivitetssenter for heimebuande demente innan 2015

2 nye sjukeheims plassar ved Skånevik omsorgssenter

Oppgradering av demenstavdelinga

Tryggleikssalar

MAS

Interkommunalt samarbeid rehabilitering

14-3600-01 Auka stilling med 40 % ved NAV

14-3600-02 Endringar driftsbudsjett

14-3600-03 Mottak flyktningar. Bemanning NAV

Felles veiledningsplattform i NAV

Markedsplattform "Arbeid først" - innsatsomr. i verksemdsstrategien til NAV

Bedriftsnettverk mellom NAV og bedrifter i Etne

Direkte remittering av utbetalingar

HMS-arb. - medarb.samt. - HKI-opplig. sjukemelde.

Fagdagar

Målekort med nye kommunale indikatorar

Evaluerer av Kvalifiseringsprogrammet

A4200-40-D Hovedplan kloakk

14-4200-01 Vaktordning

14-4200-02 Sillingsauke på reinhald

14-4200-10 ISPS

14-4200-06 Brannalarm Enge skule og Enge barnehage

14-4200-09 Reinhold, maskinpark

14-4200-05 Opprustingsplan bruer og vegar

14-4200-06 Brannalarm Enge skule og Enge barnehage

14-4200-09 Reinhold, maskinpark

14-4200-05 Opprustingsplan bruer og vegar

14-4200 Vernerunde

14-4200 Hms kartlegging/handlingsplan drift og velikehold

14-4200 Hms kartlegging reinhold/ros analyse/handlingsplan

14-4200 Ros

14-4200 Kostmaskin

14-4200 40192 -Vegkostnader Utvær

14-4200 40131- Drenering Skv. Omsorgsenter

14-4200 40121 - ISPS hamn

14-4200 Prioriteringsliste og tiltaksliste bygg

14-4200 Revisjon Mattilsynet

14-4200 Anbud brøyting/ rammeavtale

14-5000-01 Korrigerer budsj. momsomp.

14-5000-02 Reduksjon konsesjonskraftinntekter

14-5000-03 Endring rente- og avdragsutgifter

14-5000-04 Endring rentelntekter

14-5000-05 Endring eigedomsskatt verk og bruk

14-5000-06 Nullstille disp. driftsresultat ØP 13-16

14-5000-07 Endring frie inntekter

14-5000-08 Utviding av eigedomsskatt

14-5000-09 Saldering av budsjett 2014 og ØP 14-17

14-XXXX-02 Endring/omfordeling inntekter - kommunale tenester

14-XXXX-03 Mottak flyktningar. Endringar driftsbudsjett

14-XXXX-04 Endring VAR

K har på plass palliativ team. Deilek på faste samlingar innan lindrande behandl. i regi av HF.

behov for fi. enn dagens 6 plassar. Trengst øk. midler. Framlegg om tiltak i budsjettprosessen.

Pålagt å ha innan 2015. Det må på plass midlar og me må innna ei løysing på korleis.

Det er bestemt at det i eit byggetrinn 2 skal byggast 2 nye sjukeheims plassar i Skånevik.

Rest overf. frå 2013. Vert søkt ovf. Inv.prosjekt 50166 Inventar og utstyr PLO.

Rest overf. frå 2013. Vert søkt ovf. Inv.prosj. 14-3500-03 Oppgrad. velferdstekn. (tryggleikssalar).

Planlagt utført hausten 2014.

Suldal vertskomm. 2 plassar øyemerke rehab. ved Skv. Oms.sent. vert søkt omgjort vanl. kortidspl.

Utført. Dekka av tiltaksmidlar frå NAV.

Utført.

Utført. Dekka av integreringsstilskot.

NAV kontora i Sonnhordland starta opp med opplæring i veiledningsplattforma juni 2014.

Plattform for grunnleggjande arb.markn.komp. Har NAV-kontora SHI. starta opp med 042014.

Møter 2 gonger årlig. Me håpar å få til eit samarbeid med NAV/Vindafjord frå hausten av.

Direkte remittering med overføring til hovudbok er innført (elektronisk løysing).

Godt system og gode HIMA-rutinar under utarbeiding. Gjennomfører risikovurderingar i eige kontor.

Fagdagar i vår gjennomført. Ny fagdagar 25.09.2014.

Indikatorane på plass i målekortet.

Me startar med ei vurdering av kvaliteten vår på kvalifiseringsprogrammet hausten 2014.

Ikke starta opp. Ikke kapasitet, prioriterer opplig. HP-vain

Vedtatt i K-sak. Start 1.mai. Offisiell oppstart 10. juli. Gjennomført.

Utført.

50 000 Sårbarhetsvurdering utarbeidet og ligger til godkjemning hos kystverket. Disp.fond.

0 Utført. Disp.fond.

100 000 Utført. Disp.fond.

1 500 000 Godkjent sak. Ivertsatt tiltak i henhold til prioriteringsliste.

0 Utført. Disp.fond.

100 000 Utført. Disp.fond.

1 500 000 Godkjent sak. Ivertsatt tiltak i henhold til prioriteringsliste.

Utført 5 sik

Utført

Utført

5 sik utført

I drift

Ekstra ordinære hendelser.

Utført

Utført

Utført

Utført

Utført.

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

Justering av budsjett

15 398

22 459

216 172

110 000

108 086

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

905 678

5 200

3 760 695

-140 000

300 000

1 124 893

-12 600 000

3 000 000

210 905

-806 240

0

212 999

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

K-069/13

92639

92639

905 678

5 200

3 760 695

-140 000

300 000

1 124 893

-12 600 000

3 000 000

210 905

-806 240

0

212 999

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	22.09.14	16/14
Kontrollutvalet	10.11.14	25/14
Kommunestyret	16.12.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

- Vedlegg:
1. Framlegg til nytt reglement for Etne kontrollutval
 2. Gjeldande reglement for Etne kontrollutval, vedteke 2011
 3. Rettleier for høyringar – Forum for kontroll og tilsyn

Saksorientering:

Bakgrunn

Reglement for kontrollutvalet vart vedteken av Etne kommunestyre i møte 21.06.11, sak 35/11. Reglementet hadde bakgrunn i tilrådingar frå kommunaldepartementet si «Kontrollutvalgsbok» frå februar 2011 om at kommunane burde ha eigne reglement og i ljøs av det komande kommunestyrevalet hausten 2011.

Kommunelova er seinare vorten endra i 2012 og 2013, som har fått innverknad på gjeldande reglement og som gjer at saka no vert lagd fram for kontrollutval og kommunestyre. I følgje departementet sin rettleiar bør reglementet gjennomgåast og eventuelt bli revidert, minimum ein gong i valperioden.

Gjeldande reglement følgjer som vedlegg 2 og er delte inn i 8 kapittel. Det omhandlar mellom anna føremål, val og samansetning, oppgåver, møte- og sakshandsaming og andre tilhøve. Framlegg til nytt reglement følgjer som vedlegg 1.

I Trondheim kommune hadde dei, på bakgrunn av eigne røynsler, utarbeidd eit reglement for opne høyringar. Reglementet deira vart teke inn som kapittel 8, slik at kommunane på Haugalandet var i framkant i 2011 dersom ein slik spesiell sak skulle dukke opp der utvalet ynskte å nytte denne forma for informasjonsinnhenting.

Kva er høyring

I denne saka brukast omgrepet høyring der kontrollutvalet i møte skaffar seg informasjon i ei sak ved å be bestemte personar til å uttale seg munnleg, på spurnad frå medlemmane. Høyringa skil seg frå den vanlege skriftlege saksførebuinga ved at han skjer i møte og i munnleg form. Kontrollutvalet har ei rekkje verkemiddel dei kan nytte i arbeide sitt, og vide heimlar for å skaffe seg den informasjonen som trengst for å klårleggje kontroll- og tilsynssaker. Kontrollutvalet må i kvart og eit tilfelle vurdere om ei sak i tilstrekkeleg grad kan

klårleggjast dersom ressursane ikkje strekkjer til eller er mangelfulle. Eventuelt må utvalet, i tilfelle tidsnok, og om naudsynt ta opp med kommunestyret om å få tilført ekstra middel.

Informasjonsinnhenting

Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og kan ifølge koml. § 77 " ..hos kommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene".

Kontrollutvalet har ulike måtar å skaffe seg informasjon på. Frå «verktøykassa» kan her nemnast stikkordsmessige følgjande metodar (rankert etter kva som er minst og mest ressurskrevjande):

- informasjonsinnhenting av sekretariatet,
- orientering frå rådmann og andre tilsette i møte,
- undersøking/avgrensa undersøking av revisor,
- forvaltningsrevisjon innanfor eit område,
- selskapskontroll,
- granskning av eit spesielt tilfelle innanfor eit område eller
- høyring i regi av kontrollutvalet

Frå dei kommunane som har gjennomført høyringar er røynsla at dette er svært krevjande å gjennomføre og avhengig av sakstype, kan det stille store krav til kontrollutvalet og sekretariatet. Kontrollutvalet må halde fokus på kontrollperspektivet i slike saker, og ikkje léte seg påverke av nokon som kan ynskje eit bestemt utfall av saka. Døme kan vere påverknad frå ordførar, andre politikarar (posisjon/opposisjon), rådmannen, personar i administrasjonen, presse eller andre. Det er òg viktig for alle partar at høyringa er godt førebudd, føregår på ein profesjonell, ryddig og god måte, og at eventuell ugildskap vert avklåra.

Normalt vil ei høyring vere eit resultat av ei konkret kontroll- og tilsynssak som følgjer av revisjonsrapportar eller er eit resultat av kontrollhandlingar utført av revisjonen, sekretariatet eller andre, evt. som eit ledd i kontrollutvalets sine planar for kontroll- og tilsynsarbeidet. Den kan òg grunngjevast i tilhøve som medlemmane får kjennskap eller tek initiativ til å få undersøkt, eller det kjem oppmoding frå politisk hald til kontrollutvalet om å følgje opp eit sakstilfelle. Saka kan òg følgje av hendingar i kommunen som har vakt merksemd, eksempelvis medieoppslag, lesarinnlegg og debattar i aviser og sosiale media, som medlemmane ynskjer å få undersøkt nærare.

Førebuing og viktige omsyn

Før kontrollutvalet vedtek bruk av høyring, må kontrollutvalet ta stilling til ein del prinsipielle tilhøve. Først og fremst må det vere klårt kva føremålet med høyringa er – kva er meininga og er det kontrollutvalet sjølv som kan avgjere (med vanleg fleirtal?) om høyring skal gjennomførast?

Kven som kan inviterast/vert innkalla til høyring, og kva som er avgrensingar/høve knytte til dette, vil variere. Det er skilnad på om den inviterte/innkalla er tilsett i kommunen eller om det er ein politikar, og ikkje minst om kommunen er organisert etter formannskapsmodellen

eller om den har ein parlamentarisk styreform. Nærare om dette og anna visast det til vedlagt rettleier.

Avgrensingane knyter seg først og fremst til møte- og opplysningsplikt for tilsette i kommunen, og dessutan om høyringa går for opne eller lukka dører.

Møte i folkevalde organ i kommunen er normalt opne, dvs. at informasjonen som vert bringa fram skal vere tilgjengeleg for alle.

Opne og lukka dører

Reglane for lukking av møte i folkevalde organ er heimla i kommunelova § 31. Dersom det vert lagt fram opplysningar undergjeven lovfesta teieplikt i møtet, skal det skje i lukka møte, jf. § 31 nr. 2 om teieplikt, der ein i tillegg til heimelen må vise til aktuell lov som krev teieplikt. Koml. § 31 nr. 3 viser til sakar av tenestleg karakter som alltid skal handsamast for lukka dører. Etter § 31 nr. 4 kan møtet lukkast når omsynet til personvern tilseier det, og § 31 nr. 5 når tungtvegande offentlege interesser tilseier lukking og opplysningane elles ville ha vore unntatt offentlegheit etter offentleglova dersom dei hadde stått i eit dokument.

Veilederen «Høring i kontrollutvalget?»

Det er ikkje utarbeidd nokon sentrale retningslinjer for høyringar i kommunane. Både kontrollutvalets mandat og Stortingets reglement for høyringar gjev rett nok ei viss rettleiing. Dersom kontrollutvalet meiner at ein i ein gjeven situasjon kan tenkje seg å bruke høyring som eit verktøy, er det tilrådd at det ligg føre eit reglement. På denne bakgrunnen nedsette styret i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) i 2013 ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide ein rettleier og framlegg til reglement. Rettleiaren vart ferdig våren 2014 og er no overleverte Kommunelov-utvalet for vidare vurdering i deira arbeid.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og endring av reglement må difor verte vedteke der, mellom anna for å legitimare kontrollutvalets bruk av verkemidlet og til at det internt i kommunen vert kjend at dette verkemidlet kan nyttast. Det kan fort bli mykje på ein gong dersom det skal utarbeidast nye retningslinjer, samstundes som ein set i gang ein prosess med å gjennomføre ei høyring.

Kapittel 8 inneheld litt om førebuingar som vert gjorde, kven som har plikt til å møte, kva for rettar han som møte har, praktisk gjennomføring, utspørjing osv. Arbeidsgruppas rettleier og framlegg til reglement følgjer som vedlegg 3.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet har vurdert det slik at arbeidsgruppas framlegg til nytt reglement no bør leggjast til grunn og at dette erstattar tidlegare reglement. Ny tekst under innleiing til kapittel 6 og heile kapittel 8 tek omsyn til den nye lovendringa for kontrollutval med omsyn til opne og lukka møte, som kom i 2013. Vidare er òg den innkaltes stilling betre ivarettatt.

Kommunestyret bør ta stilling til kor mange i kontrollutvalet som kan avgjere at det skal gjennomførast høyring. I følgje vedteke reglement pkt. 8.1 frå 2011 krev det berre ein-tredjedels fleirtal. Dei fleste av kommunestyra på Haugalandet har vedteke det same for sine kontrollutval.

I det oppdaterte reglementet er det no lagt inn at kontrollutvalet sjølv avgjer det med vanleg fleirtal om høyring skal gjennomførast. Fleirtalsvedtak er i dag det vanlege i kommunale avgjerder, men det kan i denne typen sakar òg vere argument som talar for både færre eller fleire stemmar ved votering.

Dersom kostnadene til høyring overstig utvalet sitt budsjett, må det uansett bli fremja sak for kommunestyret om ekstraløyving.

Vidare vert det gjord merksam på at dersom det er snakk om å nytte advokat eller andre hjelparar som utløyser honorar osb., bør dekning av utgifter avklarast som del av førebuinga til høyringa. Dette er òg teke inn i kapittel 8.

Handsaming på møtet 22.09.14:

Utvalet handsama same sak på møtet den 22.09.14, sak 16/14. Grunna feil i eit av vedlegga gjorde utvalssekretær framlegg om at saka vart utsett til neste møte. Utvalet slutta seg til framlegget og saka vart utsett.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRE:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Aksdal, 03.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Reglement for Etne kontrollutval

Vedteke av Etne kommunestyre 21.06.11, sak 035/11, endra xx.xx.14, sak xx/14

VIRKEOMRÅDE

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedteken av kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan krevja ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjera om vedtaket, jf. kommunelova § 76.

1 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løpande tilsynet med forvaltninga, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer vert tilbydt, tilsvarande som for kommunestyret, deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring.

2 FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltninga,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad
- kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte.

3 VAL OG SAMANSETTING

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordfører/varaordfører i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmene i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiaren bør veljast frå eit av dei partia som utgjør opposisjonen.

Utelukka frå val er ordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er og styremedlemmer i kommunal eigde selskap samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar.

Kommunestyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

4 GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i Etne kommune, jf reglement for kommunestyret, formannskap og faste utval.

4.1 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer skriv under eigen teieplikterklæring.

4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunes sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppfordra til å la seg registrere i KS sitt styrevervregister.

5 OPPGÅVER

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvar for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova § 23. Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

5.1 Intern kontroll

Kontrollutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdier er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

5.2 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal,

gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

5.4 Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.

5.5 Gransking

Kontrollutvalet skal kunne iverksetje gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

5.6 Orientering frå rådmannen

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre tilsyn med forvaltninga be rådmannen orientere om aktuelle saker og tema.

6 MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet skal haldast for opne dører, jf. koml. § 31, såframt utvalet ikkje har vedteke noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt, jf § 31 nr 2.

6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen får tilsendt innkalling med sakliste til orientering, og møter når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan verta innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrifter, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "*ikkje offentlig, jamfør off. lova.*" vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

6.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiार er møteleiар. Ved forfall fungerer nestleiар. Har begge forfall, blir særskild møteleiар vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemane er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiар eller 1/3 av medlemene set seg imot dette.

6.3 Habil /inhabil

Kommunelova § 40 nr. 3 gjeld og kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

6.4 Melding frå utvalet

Det skal førast møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og bør vera sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultat av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for selskapskontroll,
- rapportar frå gjennomførte selskapskontrollar,
- plan for forvaltningsrevisjon,

- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen.

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast ordførar.

6.5 Oppfølging

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til Forvaltnings- revisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

6.6 Fråsegner/uttale

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

6.7 Undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

6.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskapen vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om selskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet avlegg årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

7 ANDRE FORHOLD

7.1 Sekretariat

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng.

Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

7.2 Bruk av sakkyndig hjelp

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

7.3 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage forslag til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

7.4 Møte- og talerett i kommunestyret

Leiaren og nestleiarer har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

7.5 Informasjon

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til førehaving.

7.6 Val av revisjonsordning

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

7.7 Val av revisor

Dersom kommunestyret vedtek å konkurranseutsette heile eller deler av revisjonen, føretekk kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

8 OPNE HØYRINGAR

8.1 Virkeområde og føremål

Kontrollutvalet kan holde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meiner ein her eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bede om å møte for å få nærare opplyst ei spesiell sak eller eit saksområde.

Formålet med reglementet er å sikre at kontrollutvalet og kommunestyret får den informasjon som dei treng i kontrollsaker, ei god framdrift i høyringa, samstundes som omsynet til dei som blir kalla inn blir teke vare på.

8.2 Førebuing av høyring

Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal vedta at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet være open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa skal være lukka. Vedtaket om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må være grunna med gyldig lovheimel.

Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet venter å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet kunne vente å få grunnlag for kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilte saksførebuinge møte. Kontrollutvalet bør gjennomgå dei problemstillingane som dei ønskjer skal bli opplyste, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som det er naudsynt å innhente for å gjennomføre høyringa. Vidare bør det òg bli fastsett ein framdriftsplan for høyringa.

I dei saksførebuinge møta fastset kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudspørjarar under høyringa, jf. § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudspørjarar også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemmer. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka breitt opplyst.

8.3 Den innkalla si stilling

Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan innkallast direkte for å møte til høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og skal ha høve til å vere til stades. Spørsmål skal stillast direkte til den som er innkalla, men rådmannen skal gis høve til å supplere forklaringa om han/ho meiner det er ønskeleg.

Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

Den som blir kalla inn eller invitert til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogleg. Innkallinga skal angi den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggst ved. Det skal vidare opplysast om høyringa skal være open, og at det vil bli tatt referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument, viss ikkje reglar om unntak frå offentlegheit/ teiepliktfastset seier noko anna.

Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er under lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få gje forklaring heilt eller delvis for lukka dører. Dersom det blir sett fram slik oppmoding, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.

Den innkalla skal ha høve til å ha med ein medhjelpar. Den innkalla har rett til å konferere med hjelpar før svar blir gjeve. Dersom møteleiar gjer høve til dette, kan hjelpar supplere forklaringa. Dersom hjelpar krev honorar må betaling av desse utgiftene bli avklart på førehand.

8.4 Gjennomføringa av høyringa

Kontrollutvalet si leiar skal fyrst orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrane som gjeld. Leiaren ser etter at spørsmåla held seg innanfor det tema som er definert, og at den innkalla sin rettstryggleik blir ivareteke.

Før kontrollutvalet startar si utspørjing, skal den innkalla få inntil 10 minuttar til å gje si versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i så stor grad som det blir sett som naudsynt for å opplyse saka.

Høyringa byrjar med at valt hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemmene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølgje som dei ber om. Etter at utspørjinga er over, skal den innkalla få høve til å gje ei kort sluttkommentar.

Kontrollutvalet sine medlemmer skal ikkje ha meningsutveksling under høyringa. Medlemmene skal heller ikkje kommentere dei svar som blir gjeve, anna enn der dette inngår som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmeleg åtferd eller spørsmål er ikkje tillate og skal påtalast av møteleiar.

Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal handsame den vidare framdrift, mellom anna framlegg om at høyringa skal avsluttast eller fortsette for lukka dører.

Kontrollutvalet kan berre ta imot teiepliktsopplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må kontrollutvalet sine medlemmer ikkje referere eller vise til opplysningar underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

8.5 Etterarbeid

Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal ha høve til å uttale seg til rapporten, jf. koml § 77 nr. 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.

Rapporten oversendast kommunestyret for sluttbehandling, med innstilling frå kontrollutvalet

9. IVERKSETJING

Reglementet trer i kraft straks det er vedteke av kommunestyret.

Reglement for Etne kontrollutval

Vedteke av Etne kommunestyre 21.06.11, sak 035/11

VIRKEOMRÅDE

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedteken av kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan krevja ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjera om vedtaket, jf. kommunelova § 76.

1 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løpande tilsynet med forvaltninga, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer vert tilbydt, tilsvarande som for kommunestyret, deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring.

2 FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltninga,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad
- kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte.

3 VAL OG SAMANSETTING

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordfører/varaordfører i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmene i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiaren bør veljast frå eit av dei partia som utgjer opposisjonen.

Utelukka frå val er ordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er og styremedlemmer i kommunal eigde selskap samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar.

Kommunestyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

4 GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i Etne kommune, jf reglement for kommunestyret, formannskap og faste utval.

4.1 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer skriv under eigen teieplikterklæring.

4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunes sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppfordra til å la seg registrere i KS sitt styrevervregister.

5 OPPGÅVER

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvar for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova § 23.

Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

5.1 Intern kontroll

Kontrollutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdiar er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

5.2 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

5.4 Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.

5.5 Gransking

Kontrollutvalet skal kunne iverksetje gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

5.6 Orientering frå rådmannen

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre tilsyn med forvaltninga be rådmannen orientere om aktuelle saker og tema.

6 MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet skal haldast for lukka dører jf forskrift §19, såframt utvalet ikkje har vedteke noko anna.

Dørene skal likevel stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt.

6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen får tilsendt innkalling med sakliste til orientering, og møter når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan verta innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrifter, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "*Ikkje offentlig, jamfør off.lova.*" vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

6.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemmane er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemmene set seg imot dette.

6.3 Habil /inhabil

Kommunelova § 40 nr. 3 gjeld og kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

6.4 Melding frå utvalet

Det skal først møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene,

varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og bør vera sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for selskapskontroll,
- rapportar frå gjennomførte selskapskontrollar,
- plan for forvaltningsrevisjon,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen.

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast ordførar.

6.5 Oppfølging

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til

kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til Forvaltnings- revisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

6.6 Fråsegner/uttale

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

6.7 Undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

6.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskapen vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om selskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet avlegg årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

7 ANDRE FORHOLD

7.1 Sekretariat

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng.

Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

7.2 Bruk av sakkyndig hjelp

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

7.3 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage forslag til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

7.4 Møte- og talerett i kommunestyret

Leiaren og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

7.5 Informasjon

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til førehaving.

7.6 Val av revisjonsordning

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

7.7 Val av revisor

Dersom kommunestyret vedtek å konkurranseutsette heile eller deler av revisjonen, føretek kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

8 OPNE HØYRINGAR

8.1 Opne høyringar

Kontrollutvalet kan holde høyringar innafor sitt ansvarsområde. Med høyring meinast eit møte i utvalet der det mottok munnlege forklaringar frå personar som er innkalla for å få belyst ei spesiell sak eller saksområde. Høyringane vert halde i følgje reglement for kommunestyret, og etter desse reglane.

Ein tredjedel av utvalsmedlemmene kan bestemme at det skal haldast høyring.

Høyringa skal i utgangspunktet være open, men utvalet kan med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa kan være lukka, til døme som følgje av at dei som skal høyrast berre ønskjer å uttale seg i lukka møte. Utvalet kan berre ta imot teiepliktige opplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må utvalet sine medlemmene ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt teieplikt.

8.2 Føremål

Føremålet med reglane er å sikre kontrollutvalet sin informasjonstrong, ei god framdrift i høyringa og å ivaretake den innkalla sin rettstryggleik.

8.3 Førebuing av høyringa

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet eit saksførebuinge møte. På dette møtet skal utvalet gjennomgå kva problemstillingar som ein ønskjer å få belyst. Det skal vidare fastsetjast ein framdriftsplan for møtet som m.a. kan fastsetje taletid for den einskilde som er innkalla, rekkefølge og hovudspørsmål.

På det saksførebuinge møtet skal det veljast ein hovudutspørjar for høyringa.

8.4 Den innkalla sin stilling

Innkallinga skal sendast i så god tid som mogeleg. Det skal opplysast om kva sak eller saksområde som er tema for høyringa, informerast om moglegheit til å reservere seg frå å møte for eksterne aktørar, og moglegheit for alle til å krevje å verta høyrd i lukka møte. Kopi av dette reglementet skal følgje innkallinga.

Den innkalla skal ha tilgong til utvalet sine saksdokument dersom desse ikkje er underlagt teieplikt.

Den innkalla har høve til å ha med seg medhjelpar(ar) og har rett til å konferere med medhjelpar(ar) før svar vert gjeve. Medhjelpar(ane) kan også supplere forklaringa.

Dei innkalla avgjer sjølv om dei vil svare på utvalet sine spørsmål, og kan be om å få gje forklaring for lukka dører. Dersom slik oppmodning vert sett fram, skal høyringa avbrytast og avgjerda takast i lukka møte.

8.5 Gjennomføring av høyringa

Utvalsleiar innleiar høyringa ved å orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Før utvalet startar utspørjinga skal den innkalla få høve til å gi ein framstilling av saka.

Etter at hovedutspørjar er ferdig med sine spørsmål, kan utvalsmedlemmene stille oppfølgingsspørsmål.

Den innkalla skal gis høve til å samanfatta saka etter at utspørjinga er ferdig. Meiningsutveksling mellom utvalsmedlemmer skal ikkje finne stad under høyringa.

Det skal ikkje voterast eller treffast konklusjonar under høyringa. Utvalet avgjer i møte korleis opplysningane som kom fram under høyringa skal følgjast opp. Det skal førast referat frå høyringa.

8.6 Kunngjering

Opne høyringar i kontrollutvalet skal kunngjerast.

9 IVERKSETJING

Reglementet trer i kraft straks det er vedtatt.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.14	26/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT I 2015

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å byrja med i 2015, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast på neste møte.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon kan bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2015 blei vedteken av kontrollutvalet hausten 2012. Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i planen:

- IKT
- Strategi, målstyring og internkontroll
- Trafikksikring rundt skulane
- Investeringar
- Planarbeid

Prosjektet «Strategi, målstyring og internkontroll» er ferdig og blei handsama hausten 2013. Utvalet valde for 2014 prosjektet «Sjølvcost». Dette prosjektet er også ferdig og vart handsama på utvalet sitt møte i september og i kommunestyret i oktober 2014.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg noko sidan planen vart laga.

Framlegg til prosjektmandat vil bli handsama på neste møte, då endeleg bestilling kan gjerast.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte.

Aksdal, 03.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.14	27/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

FORSLAG TIL MØTEPLAN FOR 2015

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (4 møter pr. år) er det sett opp forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2015. Møta vil som tidligere vara på måndagar, kl. 13.00. Det er val av nytt kommunestyre i september og nytt kontrollutval vil kome saman til sitt fyste møte i november 2015.

Saksorientering:

På møtet om våren behandlar alltid kontrollutvalet kommunens årsmelding og rekneskap. I følge forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak i denne saka før den er behandla i kontrollutvalet. Dato for dette møtet vil derfor alltid vera avhengig av når det er planlagt behandling av årsmelding og rekneskap i formannskapet. Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gitt beskjed om dette så snart det er kjent.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2015:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Måndag 9. februar	Kl. 13.00	
Måndag 11. mai	Kl. 13.00	
Måndag 21. september	Kl. 13.00	
Måndag 23. november	Kl. 13.00	Nytt utval

Aksdal, 03.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Oversiktskalender 2015

Januar 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1				1	2	3	4
2	5	6	7	8	9	10	11
3	12	13	14	15	16	17	18
4	19	20	21	22	23	24	25
5	26	27	28	29	30	31	

5 ○ 13 ● 20 ● 27 ○

Februar 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5							1
6	2	3	4	5	6	7	8
7	9	10	11	12	13	14	15
8	16	17	18	19	20	21	22
9	23	24	25	26	27	28	

4 ○ 12 ● 19 ● 25 ○

Mars 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9							1
10	2	3	4	5	6	7	8
11	9	10	11	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21	22
13	23	24	25	26	27	28	29
14	30	31					

5 ○ 13 ● 20 ● 27 ○

April 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
14			1	2	3	4	5
15	6	7	8	9	10	11	12
16	13	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24	25	26
18	27	28	29	30			

4 ○ 12 ● 18 ● 26 ○

Mai 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18					1	2	3
19	4	5	6	7	8	9	10
20	11	12	13	14	15	16	17
21	18	19	20	21	22	23	24
22	25	26	27	28	29	30	31

4 ○ 11 ● 18 ● 25 ○

Juni 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
23	1	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25	26	27	28
27	29	30					

2 ○ 9 ● 16 ● 24 ○

Juli 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
27			1	2	3	4	5
28	6	7	8	9	10	11	12
29	13	14	15	16	17	18	19
30	20	21	22	23	24	25	26
31	27	28	29	30	31		

2 ○ 8 ● 16 ● 24 ○ 31 ○

August 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						

7 ● 14 ● 22 ○ 29 ○

September 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
36		1	2	3	4	5	6
37	7	8	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29	30				

5 ● 13 ● 21 ○ 28 ○

Oktober 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40				1	2	3	4
41	5	6	7	8	9	10	11
42	12	13	14	15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27	28	29	30	31	

4 ● 13 ● 20 ○ 27 ○

November 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44							1
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9	10	11	12	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48	23	24	25	26	27	28	29
49	30						

3 ● 11 ● 19 ○ 25 ○

Desember 2015

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
49		1	2	3	4	5	6
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17	18	19	20
52	21	22	23	24	25	26	27
53	28	29	30	31			

3 ● 11 ● 18 ○ 25 ○

1. jan Nyttårsdag
 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 11 år
 6. feb Samefolkets dag
 8. feb Morsdag
 14. feb St. Valentines dag
 15. feb Fastelavn
 21. feb Kong Harald, 78 år
 20. mar Vårjevndøgn
 21. mar Offisielt vårjevndøgn
 29. mar Sommertid start
 29. mar Palmesøndag
 2. apr Skjærtorsdag
 3. apr Langfredag

5. apr 1. påskedag
 6. apr 2. påskedag
 1. mai Off. høgtidsdag
 8. mai Frigjøringsdag 1945
 14. mai Kr. Himmelfartsdag
 17. mai Grunnlovsdag 1814
 24. mai 1. pinsedag
 25. mai 2. pinsedag
 7. jun Unionsoppløsning 1905
 21. jun Sommersolverv
 23. jun Jonsokaften
 4. jul Dronning Sonja, 78 år
 20. jul Kronprins Haakon, 42 år
 29. jul Olsokdagen

19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 42 år
 23. sep Høstjevndøgn
 25. okt Sommertid slutt
 31. okt Halloween
 1. nov Allehelgensdag
 8. nov Farsdag
 29. nov 1. søndag i advent
 13. des Luciadagen
 22. des Vintersolverv
 25. des 1. juledag
 26. des 2. juledag